



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer: 876 795 442  
Organisasjonsform: Aksjeselskap  
Foretaksnavn: TUSSA ENERGI AS  
Forretningsadresse: Langemyra 6  
6160 HOVDEBYGDA

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2024 - 31.12.2024

### Konsern

Morselskap i konsern: Ja  
Konsernregnskap lagt ved: Nei

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Olav Osvoll  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 22.05.2025

### Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 09.07.2025



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
<strong>RESULTATREKNESKAP</strong>			
<strong>Inntekter</strong>			
Energisal	2	373 883 457	462 088 119
Anna driftsinntekt		18 182 050	11 934 925
<strong>Sum inntekter</strong>	3	<strong>392 065 507</strong>	<strong>474 023 044</strong>
<strong>Kostnader</strong>			
Varekostnad	4	6 524 041	4 543 042
Energikjøp og overføringskostnad		113 822 022	130 237 869
Lønskostnad	5, 6, 7	30 142 659	16 385 316
Avskrivning	8, 9	48 755 382	43 210 695
Nedskrivning av varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	8, 9		
Annan driftskostnad	6	89 265 187	96 336 303
<strong>Sum kostnader</strong>	3	<strong>288 509 291</strong>	<strong>290 713 225</strong>
<strong>Driftsresultat</strong>	3	<strong>103 556 217</strong>	<strong>183 309 819</strong>
<strong>Finansinntekter og finanskostnader</strong>			
Renteinntekt frå føretak i same konsern		4 854 275	3 647 951
Anna finansinntekt	10	2 475 808	3 519 460
<strong>Sum finansinntekter</strong>		<strong>7 330 082</strong>	<strong>7 167 411</strong>
Verdiendring finansielle instrument		5 086 658	6 400 112
Netto endring valutapostar		9 736 270	11 256 014
Rentekostnad til føretak i same konsern		7 851 970	7 297 732
Annan finanskostnad	10	10 749 136	11 022 107
<strong>Sum finanskostnader</strong>		<strong>33 424 034</strong>	<strong>35 975 964</strong>
<strong>Netto finans</strong>		<strong>-26 093 952</strong>	<strong>-28 808 553</strong>
<strong>Resultat før skattekostnad</strong>		<strong>77 462 265</strong>	<strong>154 501 266</strong>
Skattekostnad	11, 12	56 407 089	102 459 910
<strong>Årsresultat</strong>	13	<strong>21 055 176</strong>	<strong>52 041 356</strong>
<strong>Årsresultat etter minoritetsinteresser</strong>		<strong>21 055 176</strong>	<strong>52 041 356</strong>



## Resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2024</b>	<b>2023</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>21 055 176</b>	<b>52 041 356</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Avsett til annan eigenkapital	13	21 055 176	52 041 356
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>	<b>13</b>	<b>21 055 176</b>	<b>52 041 356</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Vassdragsrettar, varemerke, m.m.	8, 14	15 930 117	12 057 826
Utsett skattefordel	11, 12	16 343 433	14 000 058
<b>Sum immaterielle egedelar</b>	<b>8</b>	<b>32 273 550</b>	<b>26 057 884</b>
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	9, 14	107 848 885	108 308 673
Kraftproduksjonsanlegg	9, 14	744 124 906	676 777 451
Nettanlegg	9		
Anlegg under arbeid	9, 14	59 547 574	35 105 405
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr	9, 14	11 681 199	7 936 377
<b>Sum varige driftsmiddel</b>	<b>9, 15</b>	<b>923 202 564</b>	<b>828 127 906</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i dotterselskap	14, 16	29 940 000	
Investeringar i aksjar og partar		1 058 775	
Andre langsiktige krav	17	8 180 008	12 902 086
Pensjonsmidlar	7, 14	1 043 598	1 219 797
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>40 222 381</b>	<b>14 121 883</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>995 698 495</b>	<b>868 307 672</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Sum varer</b>	<b>4</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>
<b>Krav</b>			
Kundekrav	14, 18, 19, 20	7 267 209	16 982 937
Opptent, ikkje fakturert inntekt		1 987 886	3 731 719
Fordring på føretak i same konsern	18	32 901 169	171 681 546
Andre kortsiktige krav	14, 17, 19	2 770 931	2 222 606
<b>Sum krav</b>	<b>19</b>	<b>44 927 195</b>	<b>194 618 809</b>




### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar og liknande	21	18 164 137	17 067 323
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>18 164 137</b>	<b>17 067 323</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>63 591 333</b>	<b>212 186 132</b>
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>1 059 289 827</b>	<b>1 080 493 804</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Aksjekapital	13, 14, 22	289 561 026	294 404 000
Annan innskoten eigenkapital	13, 14	36 542 858	
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>	14	<b>326 103 884</b>	<b>294 404 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital	13	221 423 317	148 859 224
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>221 423 317</b>	<b>148 859 224</b>
<b>Sum eigenkapital</b>	13	<b>547 527 201</b>	<b>443 263 224</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Pensjonsplikter	14	513 176	379 777
Andre avsetjingar for plikter	2	22 962 787	17 876 129
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>		<b>23 475 963</b>	<b>18 255 906</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	2, 17	235 900 000	224 810 000
Gjeld til føretak i same konsern	17, 18	120 027 894	200 000 000
Anna langsiktig gjeld	17, 19		
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>355 927 894</b>	<b>424 810 000</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>379 403 857</b>	<b>443 065 906</b>




## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2024</b>	<b>2023</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	18, 19	9 231 929	35 332 531
Betalbar skatt	11, 12	57 732 302	90 476 144
Skyldige offentlige avgifter	14	5 426 006	22 130 246
Gjeld til føretak i same konsern	18	45 055 008	25 400 809
Anna kortsiktig gjeld	14	14 913 524	20 824 945
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>132 358 769</b>	<b>194 164 674</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>511 762 626</b>	<b>637 230 580</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>1 059 289 827</b>	<b>1 080 493 804</b>



# Årsrekneskap 2024 Tussa Energi AS

Årsmelding  
Resultatrekneskap  
Balanse  
Kontantstrøm  
Notar



Org.nr.: 876 795 442



## ÅRSMELDING FRÅ STYRET I TUSSA ENERGI AS 2024

### VERKSEMD OG LOKALISERING

Tussa Energi AS er eit dotterselskap i Tussakonsernet, heileigd av morselskapet Tussa Kraft AS. Tussa Energi AS planlegg, bygg ut og driftar kraftverk, samt kjøper og sel kraft i engros- og regulerkraftmarknaden. Tussa Energi AS eig eitt biovarmeverk og 26 vasskraftverk som er lokaliserte i kommunane Ørsta, Volda, Hareid, Ulstein, Vanylven, Stryn og Stranda. Tussa Energi AS har forretningskontor i Ørsta.

### VIDARE DRIFT

Styret stadfestar at føresetnadane om framleis drift er til stades, og lagt til grunn for rekneskapen.

### RAMMEVILKÅR FORNYBAR ENERGI

Auka produksjon av fornybar energi er heilt nødvendig for at Norge skal nå sine klimamål. Den regulerbare vasskrafta blir stadig viktigare for å balansere eit energisystem med aukande innslag av uregulert produksjon. Denne endringa i energisystemet kan også gi underskott av effekt i enkelte periodar. Tussa sine anlegg er godt posisjonert for denne framtida. Stor vasskraft, småkraft og vind på land er dei teknologiane som har lågast kostnad og størst konkurransekraft i ein framtidig kraftmarknad.

### STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER

Auka forbruk som følgje av elektrifisering gir kraftunderskot og effektutfordringar i prisområdet vårt (No3). Dette blir normalt dekt opp med god flyt mellom prisområda, spesielt med kraft frå Nord-Sverige, men i periodar med lite vind vil No3 også oppleve prisar som er meir like sør Noreg enn tidlegare. Dette blir forsterka av kapasitets auken som er planlagt mellom No3 og No5 som knyter oss tettare på den Europeiske kraftmarknaden.

Dette gir grunnlag for å vurdere nye kraftprosjekt og effektoppgraderingar. Ustabile politiske rammevilkår rundt skattlegging av energiproduksjon gjer det vanskelegare enn før å bygge nye kraftanlegg som har lang levetid der endring i rammevilkår vil kunne slå kraftig inn.

Framtidsmarknaden for transparente kraftprisar på Nasdaq har i dag låg tillit grunna dei store prisdifferansane mellom regionar som i sin tur har ført til låge omsett volum. Det er difor ein referanse som vi i dagens situasjon ikkje vel å leggje avgjerande vekt på i framtidsvurderingane våre. Vi har difor valt å sjå på kva analysemiljø ser på som er realistiske kraftprisar framover. Prisane i vårt område er forventa å verte rundt 23 øre/kWh i 2025, 48 øre/kWh i 2026 og stigande til 63 øre/kWh i 2028. Prisane er basert på prisprognoser per 10. mars 2025. Uvissa om prisdifferansar og prisnivå er framleis store både på grunn av vår og fossilprisar.

Med overoppfylling av den svensk-norske elsertifikatmarknaden, er det venta at sertifikatprisane vil halde seg nær null framover. Det som har synt seg å ha langt større effekt den seinare tida er prisen på opphavsgarantiar, og det er utsikter til prisar på mellom 1 og 3 øre /kWh for dei neste fem åra.

Styret gjer merksam på at det normalt er betydeleg usikkerheit knytt til vurderingar omkring framtidige tilhøve.

### NÆRARE OPPLYSNINGAR OM ÅRSREKNESEKAPEN

Etter styret si oppfatning gjev den framlagde resultatrekneskapen og balansen eit rettvist bilete av verksemda si økonomiske drift og stilling ved årsskiftet.

Samla driftsinntekter for Tussa Energi AS vart 392,1 mill. kr i 2024 mot 474,0 mill. kr i 2023. Driftsresultatet vart 103,6 mill. kr i 2024 mot 183,3 mill. kr i 2023, og resultatet før skatt vart 77,5 mill. kr i 2024 mot 154,5 mill. kr i 2023. Skattekostnaden vart 56,4 mill. kr, som svarar til 72,8 % av resultatet før skatt. Det gir eit årsresultat på 21,1 mill. kr for 2024 mot 52,0 mill. kr for 2023.

Samla kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar i selskapet var på 24,2 mill. kr i 2024 mot 66,6 mill. kr i





2023. Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar utgjorde 76,0 mill. kr i 2024 mot -60,5 mill. kr i 2023. Selskapet er organisert som eit aksjeselskap med ein aksjekapital på 289,6 mill. kr. Samla eigenkapital var 547,5 mill. kr pr. 31.12.2024 mot 443,3 mill. kr pr. 31.12.2023. Gjelda i selskapet utgjorde 511,8 mill. kr ved utgangen av 2024 mot 637,2 mill. kr pr. 31.12.2023. Det gir ein totalkapital ved utgangen av året på 1 059,3 mill. kr, samanlikna med 1 080,5 mill. kr året før. Eigenkapitaldelen pr. 31.12.2024 er 51,7 % samanlikna med 41,0 % pr. 31.12.2023.

Det vart investert i varige driftsmidlar for 34,8 mill. kr i 2024.

## PRODUKSJON

I 2024 vart det produsert 653 GWh mot 612 GWh i 2023 (inkludert produksjonen frå Stranda Energi etter at dei vart del av Tussa 1.7.2023). Normalproduksjonen er vurdert å vere 713 GWh/år. Gjennomsnittleg spotpris i NO3 (Midt-Noreg) var 32,6 øre/kWh i 2024 mot 43,9 øre/kWh i 2023. Tussa Energi AS har dei siste åra hatt høg oppetid og lite driftsavbrot som følge av feil i eigne anlegg. Dette gjeld også for 2024.

## FINANSIELL RISIKO

Tussa Energi er utsett for prisrisiko både i samband med kjøp og sal av elektrisk kraft. I kraftmarknaden vil prisar og produksjon variere mykje avhengig av mellom anna veret og tilgangen på vatn i magasina. Selskapet har ein sikringsstrategi for å redusere prisrisikoen som seier at inntil 10% av normalproduksjonen kan sikrast. Siste åra har det derimot ikkje vore nokon reelle sikringsinstrument i marknaden, og det vart difor ikkje gjort sikringar av produksjonen i 2024.

Selskapet sin kraftproduksjon vert seld gjennom Nord Pool i prisområde NO3. Kraftprisen vert fastsett i EURO, men selskapet har valt NOK som oppgjersvaluta fram til midten av desember 2024. Då gjekk selskapet over til EURO som oppgjersvaluta med fortløpande veksling til NOK. Prisdanninga i den skandinaviske strømmarknaden vert påverka av fleire valutaer, der EURO er den mest sentrale. Dette inneber at verdien av framtidig kraftproduksjon vert påverka av framtidige valutakursar EURO/NOK. For å redusere verdiendringar i framtidig kraftproduksjon som skuldast endringar i valutakurs har selskapet delar av si finansiering i EURO.

Konsernet og dei einskilde dotterselskapa sin likviditet vert tilpassa og styrt gjennom aktiv bruk av fleirkontosystemet. Dotterselskapa låner pengar i fleirkontosystemet eller dei bidreg med midlar til systemet. Det er morselskapet sitt ansvar å sørge for at lånesaldoen mot banken ligg på eit fornuftig nivå og innanfor den kredittramma som er innvilga. Eksterne lån er som hovudregel teke opp i morselskapet Tussa Kraft AS. Ved utgangen av året hadde Tussa Energi AS ei langsiktig gjeld til morselskapet på 120 mill. kr, og ei gjeld til ekstern lånegjevar på 20 mill. euro.

For nærare omtale vert det vist til note 2 og 21 i rekneskapen.

## ARBEIDSMILJØ, LIKESTILLING OG DISKRIMINERING

Arbeidsmiljøet i selskapet er godt, og det har ikkje vore nødvendig med ekstraordinære tiltak. I 2024 var sjukefråværet 2,4 % mot 3,6 % i 2023. Det har ikkje vore innrapportert uhell som har medført fråværsdagar i 2024.

Konsernet utarbeider årleg ein HMS-rapport som detaljert rapporterer om arbeidsmiljøet i konsernet. Samarbeidet med dei tilsette sine organisasjonar har vore konstruktivt og bidrege positivt til drifta.

Av Tussa Energi AS sine 29 tilsette er det 2 kvinner. 2 av 3 styremedlemer er kvinner. Dagleg leiar i Tussa Energi AS er også adm. dir. i Tussa Kraft AS og det har ikkje vore utbetalt løn og godtgjering frå Tussa Energi AS til han.

Tussa Energi AS har som utgangspunkt at personalpolitikken skal vere tilrettelagt slik at han stimulerer til ei aktiv likehandsaming. Retningslinene for tilsetjing skal fremje likestilling og lønssystemet er kjønnsnøytralt, og skal hindre ulik handsaming. I tillegg har Tussa lagt forholda godt til rette med fleksible arbeidstidsordningar og permisjonsvilkår. Dette gjer det mogleg både for kvinner og menn å kombinere



jobb og familie på ein best mogleg måte.

Det er likevel ikkje til å kome forbi at energibransjen er sterkt dominert av menn både på fagarbeidar- og ingeniørnivå. Det er også langt mellom dei kvinnelege søkjarane til dei mest tradisjonelle energiverkryrka.

Selskapet arbeider også aktivt for å forhindre diskriminering som følgje av nedsett funksjonsevne, etnisitet, nasjonalt opphav, hudfarge, religion eller livssyn. Aktivitetane omfattar mellom anna rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, stillingsopprykk, utviklingsmoglegheiter og vern mot trakassering.

Det vert elles vist til samla utgreiing, spesifisert per selskap, som er tilgjengeleg i Tussa konsernet sin årsrapport som ein finn på [www.tussa.no](http://www.tussa.no).

#### **UTGREIING OM AKTSEMDVURDERING ETTER OPENHEITSLOVA**

For utgreiing om Tussa-konsernet si aktsemdvurdering vert det vist til [www.tussa.no](http://www.tussa.no).

Aktsemdvurderinga vil bli publisert innan 30.06.2025.

#### **MILJØRAPPORTERING**

Vasskraft er ei rein og vedvarande energikjelde som er svært miljøvennleg i høve til utnytting av dei fleste andre energikjelder. Hovudinnsatsfaktoren i produksjonen er vatn, og produktet er elektrisk kraft som blir distribuert til selskapet sine kundar gjennom eit omfattande overførings- og distribusjonsnett. Likevel påverkar verksemda det ytre miljøet.

Vasskraftproduksjon medfører endra vassføring i regulerte elvar og varierende vassnivå i regulerte vatn. I høve konsesjonshandsaming av vasskraftprosjekt vil relevante ulemper og miljøpåverknader bli vurdert opp mot prosjektet sin nytteverdi. I høve konsesjon, vil det bli gitt vilkår som må følgjast i utbyggings- og driftsfasen. Tussa Energi legg vekt på å dempe miljøverknadene ved å utforme anlegg slik at dei skal gli godt inn i terrenget. I fleire regulerte vatn blir det gjennomført utsetjing av fiskeyngel, for å kompensere for eventuelle skadar.

Konsernet følgjer det lov- og regelverk som gjeld, og har i løpet av 2024 ikkje fått påtale eller brote konsesjonsvilkår.

I februar 2023 vart Tussa-konsernet sertifiserte etter standarden ISO-14001-Miljøleiing.

#### **FORSKINGS- OG UTVIKLINGSAKTIVITETAR**

Selskapet har ikkje hatt forskings- og utviklingsaktivitetar i 2024.

#### **STYREANSVARSFORSIKRING**

Det er teikna styreansvarsforsikring med forsikringssum kr. 10.000.000,- pr. forsikringstilfelle og totalt i løpet av forsikringsperioden. Det er ingen eigenandel.

Tidlegare, noverande eller framtidige styremedlemar, dagleg leiar og medlem av leiinga eller tilsvarende styreorgan i selskapet er å sjå på som sikra.



## RESULTATDISPONERING

Styret sitt framlegg til disponering av årsresultatet er:

Disponering	Beløp
Årsresultat	21,1 mill. kr
Avgitt konsernbidrag	-15,6 mill. kr
Endring egenkapital	5,5 mill. kr

Ørsta, 24.03.2025  
Styret i Tussa Energi AS

---

Anne Berit Madsen  
Styreleiar

---

Nina Melle Scharning  
Styremedlem

---

Roar Stenersen  
Styremedlem

---

Olav Osvoll  
Dagleg leiar



## RESULTATREKNESKAP

### TUSSA ENERGI AS

DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2024	2023
Energisal	2	373 883 457	462 088 119
Anna driftsinntekt		18 182 050	11 934 925
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>3</b>	<b>392 065 507</b>	<b>474 023 044</b>
Varekostnad	4	6 524 041	4 543 042
Energikjøp og overføringskostnad		113 822 022	130 237 869
Lønskostnad	5, 6, 7	30 142 659	16 385 316
Avskrivning	8, 9	48 755 382	43 210 695
Annan driftskostnad	6	89 265 187	96 336 303
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>3</b>	<b>288 509 291</b>	<b>290 713 225</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>3</b>	<b>103 556 217</b>	<b>183 309 819</b>
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
Renteinntekt fra føretak i same konsern		4 854 275	3 647 951
Anna finansinntekt	10	2 475 808	3 519 460
Verdiendring finansielle instrument		5 086 658	6 400 112
Netto endring valutapostar		9 736 270	11 256 014
Rentekostnad til føretak i same konsern		7 851 970	7 297 732
Annan finanskostnad	10	10 749 136	11 022 107
<b>Resultat av finansposter</b>		<b>-26 093 952</b>	<b>-28 808 553</b>
<b>Resultat før skattekostnad</b>		<b>77 462 265</b>	<b>154 501 266</b>
Skattekostnad	11, 12	56 407 089	102 459 910
<b>Årsresultat</b>	<b>13</b>	<b>21 055 176</b>	<b>52 041 356</b>
<b>OVERFØRING</b>			
Avsett til annan egenkapital	13	21 055 176	52 041 356
<b>Sum overføringar</b>	<b>13</b>	<b>21 055 176</b>	<b>52 041 356</b>

**BALANSE**

## TUSSA ENERGI AS

EIGEDELAR	Note	2024	2023
<b>ANLEGGSMIDDEL</b>			
<b>IMMATERIELLE EIGEDELAR</b>			
Vassdragsrettar, varemerke, m.m.	8, 14	15 930 117	12 057 826
Utsett skattefordel	11, 12	16 343 433	14 000 058
<b>Sum immaterielle egedelar</b>	<b>8</b>	<b>32 273 550</b>	<b>26 057 884</b>
<b>VARIGE DRIFTSMIDDEL</b>			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	9, 14	107 848 885	108 308 673
Kraftproduksjonsanlegg	9, 14	744 124 906	676 777 451
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr	9, 14	11 681 199	7 936 377
Anlegg under arbeid	9, 14	59 547 574	35 105 405
<b>Sum varige driftsmiddel</b>	<b>9, 15</b>	<b>923 202 564</b>	<b>828 127 906</b>
<b>FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL</b>			
Investeringar i dotterselskap	14, 16	29 940 000	0
Investeringar i aksjar og partar		1 058 775	0
Andre langsiktige krav	17	8 180 008	12 902 086
Pensjonsmidlar	7, 14	1 043 598	1 219 797
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>40 222 381</b>	<b>14 121 883</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>995 698 495</b>	<b>868 307 672</b>
<b>OMLØPSMIDDEL</b>			
Varer	4	500 000	500 000
<b>KRAV</b>			
Kundekrav	14, 18, 19, 20	7 267 209	16 982 937
Opptent, ikkje fakturert inntekt		1 987 886	3 731 719
Fordring på føretak i same konsern	18	32 901 169	171 681 546
Andre kortsiktige krav	14, 17, 19	2 770 931	2 222 606
<b>Sum krav</b>	<b>19</b>	<b>44 927 195</b>	<b>194 618 809</b>
Bankinnskot, kontantar og liknande	21	18 164 137	17 067 323
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>63 591 333</b>	<b>212 186 132</b>
<b>Sum egedelar</b>		<b>1 059 289 827</b>	<b>1 080 493 804</b>



## BALANSE

### TUSSA ENERGI AS

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2024	2023
<b>INNSKOTEN EIGENKAPITAL</b>			
Aksjekapital	13, 14, 22	289 561 026	294 404 000
Annan innskoten egenkapital	13, 14	36 542 858	0
<b>Sum innskoten egenkapital</b>	<b>14</b>	<b>326 103 884</b>	<b>294 404 000</b>
<b>OPPTENT EIGENKAPITAL</b>			
Annan egenkapital	13	221 423 317	148 859 224
<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>221 423 317</b>	<b>148 859 224</b>
<b>Sum egenkapital</b>	<b>13</b>	<b>547 527 201</b>	<b>443 263 224</b>
<b>GJELD</b>			
Pensjonsplikter	14	513 176	379 777
Andre avsetjingar for plikter	2	22 962 787	17 876 129
<b>ANNA LANGSIKTIG GJELD</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	2, 17	235 900 000	224 810 000
Gjeld til føretak i same konsern	17, 18	120 027 894	200 000 000
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>355 927 894</b>	<b>424 810 000</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørgjeld	18, 19	9 231 929	35 332 531
Betalbar skatt	11, 12	57 732 302	90 476 144
Skyldige offentlege avgifter	14	5 426 006	22 130 246
Gjeld til føretak i same konsern	18	45 055 008	25 400 809
Anna kortsiktig gjeld	14	14 913 524	20 824 945
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>132 358 769</b>	<b>194 164 674</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>511 762 626</b>	<b>637 230 580</b>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<b>1 059 289 827</b>	<b>1 080 493 804</b>

Ørsta, 24.03.2025  
Styret i Tussa Energi AS

Anne Berit Madsen  
Styreleiar

Nina Melle Scharning  
Styremedlem

Roar Stenersen  
Styremedlem

Olav Osvoll  
Dagleg leiar



## KONTANTSTRÅUMOPPSTILLING

### TUSSA ENERGI AS

	Note	2024	2023
<b>KONTANTSTRÅUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR</b>			
Resultat før skattekostnad		77 462 265	154 501 266
Avgift på kraftproduksjon klass. som skattekostnad		0	-1 302 460
Betalt skatt i perioden	11, 12	100 138 587	127 881 549
Tap/vinst ved sal av anleggsmiddel		0	-3 000
Ordinære avskrivningar	8, 9	48 755 382	43 210 695
Endring i varelager	4	0	85 000
Endring i kundefordringar	18, 20	13 749 913	9 602 431
Endring i leverandørgjeld	18	-27 631 692	-32 372 697
Forskj. kostnadsført og betalt pensjon	7	361 708	-347 064
Effekt av valutakursendringar		11 090 000	14 534 000
Postar klassifiserte som invest.- eller finans.-aktivitetar		5 086 658	6 400 112
Endring i andre tidsavgrensingspostar	17, 18	-4 488 764	132 380
<b>Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar</b>		<b>24 246 883</b>	<b>66 559 113</b>
<b>KONTANTSTRÅUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR</b>			
Innbetalningar ved sal av varige driftsmidlar		0	9 000
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	8, 9	-34 772 234	-51 180 726
Endring i innestående på konsernkonto		105 751 515	-27 432 859
Innbetalningar på andre fordringar (korts./langs)		4 969 062	18 066 887
Utbetaling ved kjøp av aksjar	13	55 000	0
<b>Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>		<b>76 003 342</b>	<b>-60 537 698</b>
<b>KONTANTSTRÅUMAR FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR</b>			
Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld		-100 000 000	0
Utbetalningar av konsernbidrag	18	-20 000 000	-20 000 000
<b>Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar</b>		<b>-120 000 000</b>	<b>-20 000 000</b>
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar		-19 749 775	-13 978 585
Kontantar og bankinnskot ved byrjinga av perioden		17 067 323	31 045 907
Kontantar frå fusjon		20 846 589	0
<b>Kontantar og bankinnskot ved slutten av perioden</b>		<b>18 164 137</b>	<b>17 067 323</b>



## NOTAR TIL ÅRSREKNESKAPEN 2024

### NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

#### KONSOLIDERING

Tussa Energi AS er eit 100 % eigd dotterselskap av Tussa Kraft AS, som har forretningskontor i Ørsta kommune, og vert konsolidert inn i deira konsernrekneskap. Konsernrekneskapen er tilgjengeleg på [www.tussa.no](http://www.tussa.no).

#### DOTTERSELSKAP OG TILKNYTT SELSKAP

Dotterselskap og tilknytt selskap blir vurderte etter kostmetoden i selskapsrekneskapen. Investeringa er vurdert til innkjøpskostnad for aksjane, med mindre nedskrivning har vore nødvendig. Det er gjort nedskrivning til verkeleg verdi når verdifall skriv seg frå årsaker som ikkje kan ventast å vere forbigående, og når ein må rekne det som nødvendig etter god rekneskapsskikk. Nedskrivninga blir reversert når grunnlaget hennar ikkje lenger er til stades.

Utbytte, konsernbidrag og andre utdelingar frå dotterselskap er inntektsførte same året som det er sett av i rekneskapen til gjevaren. Dersom utbyttet/konsernbidraget overstig den delen av resultatet som er tent opp etter innkjøpstidspunktet, utgjer den overskytande delen tilbakebetaling av investert kapital. I utdelingane er det gjort fråtrekk for investeringsverdien i balansen til morselskapet.

#### BRUK AV ESTIMAT

Utarbeiding av årsrekneskapen krev bruk av estimat og bruk av rekneskapsprinsippa til selskapet inneber at leiinga må bruke skjønn. Område som i stor grad inneheld slike skjønnsvurderingar, høg grad av kompleksitet eller område der føresetnader og estimat er vesentlege for årsrekneskapen, er skildra i notane.

#### VALUTA

Transaksjonar i utanlandsk valuta blir rekna om til kursen på transaksjonstidspunktet. Pengepostar i utanlandsk valuta blir rekna om til norske kroner ved at ein nyttar kursen på balansedagen. Ikkje-pengepostar som blir målte til historisk kurs uttrykt i utanlandsk valuta, blir rekna om til norske kroner ved å nytte valutakursen på transaksjonstidspunktet. Ikkje-pengepostar som blir målte til verkeleg verdi uttrykt i utanlandsk valuta, blir rekna om til valutakursen som blei fastsett på måletidspunktet. Valutakursendringar blir resultatførte kontinuerleg i rekneskapsperioden under andre finanspostar.

#### INNETEKTER

Inntektsføring ved sal av varer, herunder elektrisk kraft, skjer på leveringstidspunktet. Tenester blir inntektsførte etter kvart som dei blir leverte.

Nærare om kjøp og sal av kraft:

Tussa Energi AS har ansvaret for forvaltning av eigenproduksjon i Tussa Energi AS og Sunnmøre Energi AS, samt fysisk og finansiell handel for eige selskap. I tillegg har selskapet fysiske kjøpskontraktar med lokale småkraftverk.

Sikring:

Tussa Energi AS har tidlegare nytta finansielle kjøps- og salskontraktar mellom anna for å prissikre delar av kraft-produksjonen. Tap og gevinst på dei finansielle kontraktane vert utrekna som differansen mellom kontraktpris og systempris. Realiserte tap/gevinstar på futureskontrakter vert resultatført i leveringsperioden. Tussa Energi AS har i tillegg ei eiga portefølje med finansielle sals- og kjøpskontraktarsom som er inngått med utgangspunkt i å tene på prissvingingar, altså trading. Både





realiserte og urealiserte tap og gevinstar knytt til tradingporteføljen er resultatført. Realisert gevinst og tap på terminkontraktane vert ført i leveringsperioden.

Elsertifikat:

Tussa Energi AS har fått godkjent elsertifikat basert på produksjon i fleire kraftverk. Inntekta frå elsertifikata er bokført på oppteningstidspunktet, dvs. produksjonsperioden. Opptent, ikkje fakturerte elsertifikat er verdsatt til marknadspris.

## KLASSIFISERING OG VURDERING AV BALANSEPOSTAR

Anleggsmiddel omfattar eigedelar som er sette av til varig eige og bruk. Anleggsmidlar er vurderte til innkjøpskostnad, med fråtrekk for avskrivningar og nedskrivningar. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på transaksjonstidspunktet.

Varige driftsmiddel blir balanseførte og skrivne av over den økonomiske levetida deira. Vesentlege driftsmiddel som omfattar fleire større komponentar med ulik levetid, er dekomponerte med ulik avskrivningstid for dei ulike komponentane. Direkte vedlikehald av driftsmidlar blir kostnadsført kontinuerleg under driftskostnader, medan påkostnader eller betringar blir lagde til kostprisen på driftsmidlane og avskrivne i takt med driftsmidlane. Varige driftsmidlar blir nedskrivne til beløpet som kan vinnast att ved verdifall som er venta å ikkje vere forbigåande. Beløpet som kan vinnast att, er det høgste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdi av framtidige kontantstraumar som er knytte til eigedelen. Nedskrivninga blir reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling seinast eitt år etter balansedagen, og postar som gjeld varekrinsløpet. Omløpsmidlar blir vurderte til lågaste verdi av innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på transaksjonstidspunktet.

## VASSMAGASIN

I samsvar med god rekneskapsskikk og etablert praksis i bransjen, er vassmagasinreservane ikkje balanseført.

## FORSKING OG UTVIKLING

Utgifter til forskning og utvikling blir balanseført dersom ein kan identifisere ein framtidig økonomisk fordel knytt til utviklinga av ein identifiserbar immateriell eigedel, og innkjøpskostnaden kan målast på ein påliteleg måte. I motsett fall blir slike utgifter kostnadsførte kontinuerleg. Balanseført forskning og utvikling blir skrivne av lineært over økonomisk levetid.

## VARER

Varer er vurderte til det lågaste av innkjøpskostnad og netto salsverdi. Netto salsverdi er estimert salspris ved ordinær drift etter frådrag for utrekna nødvendige utgifter for gjennomføring av salet. Innkjøpskostnad inkluderer utgifter som er komne til ved innkjøp av varene, og kostnader for å flytte varene til der dei er plasserte no. Denne kostnaden blir fordelt ved bruk av FIFO-prinsippet.

## FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar blir førte opp til pålydande verdi etter frådrag for avsetning til forventta tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. For andre kundefordringar blir det gjort ei uspesifisert avsetning for å dekkje forventta tap på krav.

## PENJONAR – YTINGSORDNING

Pensjonsforpliktingar som er finansierte over drifta (ytingsbaserte pensjonsordningar), blir vurderte til noverdien av dei framtidige pensjonsytningane som i rekneskopen blir rekna for å vere tente opp på balansedagen. Pensjonsmidlar blir vurderte til verkeleg verdi. Pensjonsordningar som er finansierte via sikra ordningar, er ikkje balanseførte. Pensjonspremien blir i desse tilfella rekna som pensjonskostnad og klassifisert saman med lønskostnader.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir rekna ut etter lineær opptening, basert på føresetnader



om diskonteringsrente, framtidig regulering av løn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlar og føresetnader frå aktuar om dødelegheit, frivillig avgang osv. Ved estimatavvik blir det brukt ei korridorløyning. Estimataavvik som overstig 10 % av det høgste av forplikting og verdiar, blir amortisert over gjennomsnittleg oppteningstid. Pensjonsmidlar er vurderte til verkeleg verdi og trekte frå i netto pensjonsforpliktingar i balansen.

Ved rekneskapsføring av pensjon er det lagt til grunn lineær oppteningsprofil og forventa sluttlønn som oppteningsgrunnlag.

## **PENSJONAR – INNSKOTSBASERT ORDNING**

Kostnaden til innskotsbasert pensjonsordning samsvarar med premien til forsikringselskapet i perioden.

## **OPPSTILLING AV KONTANTSTRAUM**

Oppstillinga av kontantstraumen er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar.

## **SKATT**

### *SKATT AV ALLMENN INNTEKT*

Skattekostnaden i resultatrekneskopen omfattar både skatten som skal betalast i perioden, og endring i utsett skatt. Utsett skatt er rekna ut med 22,00 % på grunnlag av dei mellombelse skilnadene mellom rekneskaps- og skatteverdiene, og underskotet ved utgangen av rekneskapsåret som kan framførast i likninga. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer eller kan reverserast i den same perioden, er utlikna og nettoførte. Netto utsett skattefordel blir balanseført dersom det er truleg at denne kan bli utnytta.

### *NATURRESSURSSKATT*

For kraftverk med påstempla merkeyting på generator meir enn 9 999 kVA skal det svarast naturressurs-skatt. Naturressursskatten blir utrekna for det enkelte kraftverk, og utgjer 1,3 øre/kWh basert på gjennomsnittleg produksjon dei siste 7 åra. Naturressursskatten blir avrekna mot ordinær inntektsskatt til Staten.

### *GRUNNRENTESKATT*

Betalbar grunnrenteskatt for kraftverk med netto positiv grunnrenteinntekt vert bokført som skattekostnad. Det gjer også endring i utsett skatt på grunnrente. Syner elles til skattenoten der det er laga til ein spesifikasjon av grunnrenteskatten i året.

### *AVGIFT PÅ KRAFTPRODUKSJON*

Avgift på kraftproduksjon er presentert som skattekostnad. Kraftinntekt som overstig 70 øre (målt gjennomsnitt i løpet av ein månad) vert skattlagt med 23 %. Avgifta vart avvikla med verknad frå 1. oktober 2023.



## NOTE 2 FINANSIELL MARKNADSRISIKO

Tussa Energi AS nyttar seg av ulike finansielle instrument i samband med styringa av finansiell risiko.

### KRAFTHANDEL

Tussa Energi AS er utsett for prisrisiko både i samband med kjøp og sal av elektrisk kraft. I kraftmarknaden vil prisar og kraftproduksjon variere mykje avhengig av mellom anna vêret og tilgangen på vatn i magasina. Selskapet har ein sikringsstrategi for å redusere prisrisikoen som seier at inntil 10 % av normalproduksjonen kan sikrast. Siste åra har det derimot ikkje vore nokon reelle sikringsinstrument i marknaden, og det vart difor ikkje gjort nokon sikringar av produksjonen i 2024.

Tussa Energi har moglegheit til å inngå finansielle sals- og kjøpskontraktar som er inngått med utgangspunkt i å tene på prissvingingar, altså trading. Det er utarbeidd risikodokument som set rammer for den finansielle handelen og såleis set grenser for risikoeksponering. Tradingporteføljene er balanseført til verkeleg verdi, med endring over resultat. Selskapet har ingen tradingposisjonar per 31.12.2024.

### KREDITTRISIKO

Tussa Energi AS har kredittrisiko knytt til uteståande kundefordringar, men sidan det i hovudsak er interne kundar så vert denne risikoen vurdert til å vere svært låg.

### VALUTARISIKO

Selskapet sin kraftproduksjon vert seld gjennom Nord Pool i prisområde NO3. Kraftprisen vert fastsett i EURO, men selskapet har hatt NOK som oppgjersvaluta fram til midten av desember 2024. Då gjekk selskapet over til EURO som oppgjersvaluta, med fortløpande vekslingar til NOK. Prisdanninga i den skandinaviske strømmarknaden vert påverka av fleire valutaer, der EURO er den mest sentrale. Dette inneber at verdien av framtidig krafproduksjon vert påverka av framtidige valutakursar EURO/NOK. For å redusere verdiendringar i framtidig kraftproduksjon som skuldast endringar i valutakurs har selskapet delar av si finansiering i EURO.

Selskapet har per 31.12.2024 eit valutilån på 20 mill. EURO med forfall 31.05.2025. Lånet har kvartalsvise rentebetalningar.

Det er også inngått ein rente og valutaswap pålydande 10 mill EURO med forfall 15.11.2027. Instrumentet har kvartalsvise kontantstraumar der selskapet betalar EURIBOR og mottar NIBOR rente.

Instrumenta som er omtalt ovanfor inngår ikkje i rekneskapsmessig sikring. Det er mogleg at EURO-lånet vert gjort om til NOK-lån ved forfall.

### LIKVIDITETSRISIKO

Finansieringa av selskapet er basert på bankfinansiering gjennom konsernet og valutilån frå ekstern långivar. Sjølv om selskapet tidvis gjennomfører større utbyggings- og vedlikehaldsprosjekt, så vurderer ein likviditetsrisikoen som låg. Sjå note 21 for informasjon om unytta trekkrett i konsernet.

### RENTERISIKO

Selskapet har både kortsiktig og langsiktig finansiering gjennom morselskapet Tussa Kraft AS. Rentevilkår for Tussa Energi AS er knytt til rentevilkåra konsernet oppnår i marknaden.

Morselskapet har inngått rentesikringsavtalar (swappar) for å sikre seg mot resultatsvingingar som følgjer av endringar i rentenivået. Det er opphavleg inngått låneavtalar til flytande renter, og så er det i ettertid inngått rentesikringsavtalar som sikrar fast rente. For detaljar vert det vist til årsrekneskapen for Tussa Kraft AS. Sjå også avsnittet om valutarisiko over, der det står meir om rente/valuta-swap som er inngått. I tillegg har Tussa Energi både ein rente/valutaswap og eit valutilån som begge baserer seg på euro-rente.



## NOTE 3 INNTEKTER OG KOSTNADAR FORDELT PÅ VERKSEMDOMRÅDE

	Kraftproduksjon	Krafthandel	Internt kjøp/sal	SUM
Energisal Engros	301 125 694	63 836 175		364 961 869
Energisal Biovarme	6 849 017			6 849 017
Innmating av produksjon	2 072 571			2 072 571
Andre driftsinntekter	17 804 972	4 895 828	-4 518 750	18 182 050
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>327 852 254</b>	<b>68 732 003</b>	<b>-4 518 750</b>	<b>392 065 507</b>
Energikjøp/innmating/overf.kostn.	77 258 470	43 087 593		120 346 063
Personalkostnader	24 270 142	5 872 517		30 142 659
Avskrivningar/Nedskrivningar	48 755 382	0		48 755 382
Andre driftskostnader	83 756 496	10 027 440	-4 518 750	89 265 186
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>234 040 490</b>	<b>58 987 550</b>	<b>-4 518 750</b>	<b>288 509 290</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>93 811 764</b>	<b>9 744 453</b>	<b>0</b>	<b>103 556 217</b>

Det vart i 2024 produsert 653,0 GWh i Tussa Energi AS sine kraftstasjonar. Selskapet eig 26 kraftverk. Normalproduksjonen ved utgangen av 2024 er 713 GWh. Faktisk produksjon i 2024 utgjør 92 % av normalproduksjonen.

## NOTE 4 VARER

	2024	2023
Brensel Ørsta Eldhus	500 000	500 000
<b>Sum netto varelager</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>
Varekostnad totalt i perioden	6 524 041	4 543 042
<b>Varekostnad</b>	<b>2024</b>	<b>2023</b>
Innkjøp av råmateriale	4 653 696	4 458 042
Fremmedytelser og underentreprise	1 870 345	0
Endring i varelager	0	85 000
<b>Sum</b>	<b>6 524 041</b>	<b>4 543 042</b>

## NOTE 5 INNSKOTSPENSJON

Tussa Energi AS har innskotsplanar i samsvar med lov om innskuddspensjon. Innskotsplanen omfattar alle tilsette. Sparinga utgjorde i 2024 6 % av løn mellom 0 og 7,1 G, og 18 % på løn mellom 7,1 og 12 G. Per 31.12.2024 var det 27 medlemmar i ordninga.

Kostnadsført innskot utgjorde NOK 1 823 469 og NOK1 267 171 i høvesvis 2024 og 2023.

I tillegg er det avtale om supplerande pensjon for 3 tilsette i selskapet.



## NOTE 6 LØNSKOSTNADER OG YTINGAR, GODTGJERINGAR TIL DAGLEG LEIAR, STYRET OG REVISOR

Lønskostnader	2024	2023
Løn	25 327 420	18 883 871
Arbeidsgjevaravgift	4 077 522	3 149 850
Pensjonskostnader	2 837 965	1 476 345
Aktivert lønskostnad	-3 919 568	-8 218 569
Anna personalkostnad	1 819 320	1 093 819
<b>Sum</b>	<b>30 142 659</b>	<b>16 385 316</b>

Selskapet har i 2024 sysselsett 27 årsverk.

### YTINGAR TIL LEIANDE PERSONAR

Dagleg leiar i Tussa Energi AS er innleigd frå Tussa Kraft AS.

Tussa Energi AS vart i 2024 fakturert kr 2 205 000 for denne tenesten.

Det vart i 2024 utbetalt kr 0 i styrehonorar.

### REVISOR

Kostnadsført godtgjersle til revisor fordelar seg på følgande måte:

Tenestetype	2024
Lovpålagt revisjon	375 580
Andre attestasjonstenester	24 250
Skatterådgjeving	13 800
Andre tenester utanfor revisjonen	196 972
<b>Totalt</b>	<b>610 602</b>



## NOTE 7 YTINGSPENSJON

6 pensjonistar er dekte gjennom ytingspensjonsordning per 31.12.2024. Ordninga omfattar alderspensjon frå fylte 67 år som går livet ut. Pensjonsmidlane er vurderte til verkeleg verdi ved utgangen av året.

Pensjonsforpliktingane (netto noverdi av pensjonsyttinga som var tent opp på balansedagen, justert for framtidige lønsauker) er vurderte etter beste estimat basert på føresetnader på balansedagen. Dei aktuarielle utrekningane av pensjonsforpliktingane er gjorde av ein uavhengig aktuar.

<b>Utrekning av pensjonskostnaden i år:</b>	<b>2024</b>	<b>2023</b>
Netto rentekostnad	171 352	238 137
Administrasjonskostnader	101 499	106 605
Avkastning på pensjonsmidlar	-256 585	-358 296
Arbeidsgivaravgift	2 293	-1 911
Resultatført actuarielt tap/(vinst)	473 926	259 540
<b>Pensjonskostnad i år for ytingsbasert pensjonsordning</b>	<b>492 485</b>	<b>244 075</b>

<b>Pensjonsforplikting og pensjonsmidlar:</b>	<b>2024</b>	<b>2023</b>
Brutto pensjonsforplikting	5 607 987	5 740 468
Verkeleg verdi på pensjonsmidlar	5 440 432	5 558 149
Netto pensjonsforplikting	-167 555	-182 319
Arbeidsgjevaravgift	-23 625	-25 707
Ikkje resultatført actuarielt tap(vinst)	574 292	918 469
Estimatavvik AGA	80 975	129 504
<b>Netto balanseført pensjonsmidlar, inkl. aga</b>	<b>464 087</b>	<b>839 947</b>

<b>Endring i forpliktinga:</b>	<b>2024</b>	<b>2023</b>
Brutto pensjonsforplikting 1.1.	5 740 468	8 270 831
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	171 352	238 137
Pensjonsutbetalingar	-425 968	-665 847
Aktuarielt tap/(gevinst)	122 135	-2 102 653
<b>Brutto pensjonsforplikting 31.12.</b>	<b>5 607 987</b>	<b>5 740 468</b>

<b>Ved utrekning av pensjonskostnaden og netto pensjonsforplikting er desse førsetnadene lagde til grunn:</b>	<b>2024</b>	<b>2023</b>
Diskonteringsrente	3,90%	3,10%
Avkastning på pensjonsmidlar	5,30%	4,80%
Lønsvekst	4,00%	3,50%
Pensjonsregulering	3,75%	3,50%
G-regulering	3,75%	3,25%

I samband med fusjonar og overtaking av tilsette frå innfusjonerte selskap har selskapet overteke pensjonsordning for dei tilsette. Deira pensjonsordning blir vidareført i lukka ordning (KLP), og kostnadsført pensjon her utgjer kr 482 467 for året, og balanseførte netto pensjonsmidlar knytt til denne lukka ordninga utgjer kr 52 109 på balansedagen. (iht aktuarberekning KLP)



## NOTE 8 IMMATERIELLE EIGEDELAR

	Vassdragsrettar og anleggsbidrag	Programvare-lisensar	Sum
Kostpris pr. 01.01.2024	12 321 274	473 992	12 795 266
Tilgang ved fusjon	3 925 979		3 925 979
Tilgang kjøpte immatrielle egedelar	0	0	0
<b>Innkjøpskostnad 31.12.2024</b>	<b>16 247 253</b>	<b>473 992</b>	<b>16 721 245</b>
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2024	317 136	473 992	791 128
<b>Bokført verdi per 31.12.2024</b>	<b>15 930 117</b>	<b>0</b>	<b>15 930 117</b>
Avskrivningar i år	53 687	0	53 687
Avskrivingsstid	60 år - Evig	3-5 år	

## NOTE 9 ANLEGGNOTE

	Bygningar og eigeedommar	Kraftproduksjons-anlegg	Transp., inventar, utstyr	Sum varige driftsmidlar
Kostpris pr. 01.01.2024	173 585 156	1 390 574 849	22 743 629	1 586 903 634
Tilgang ved fusjon	0	176 463 503	4 193 064	180 656 567
Tilgang kjøpte driftsmidlar	4 478 171	2 158 241	3 076 628	9 713 039
Avgang selde driftsmidlar	0	0	0	0
<b>Kostpris 31.12.2024</b>	<b>178 063 327</b>	<b>1 569 196 593</b>	<b>30 013 320</b>	<b>1 777 273 241</b>
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2024	64 008 787	794 109 684	18 332 121	876 450 592
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.2024	6 205 656	30 962 003	0	37 167 659
<b>Bokført verdi per 31.12.2024</b>	<b>107 848 885</b>	<b>744 124 906</b>	<b>11 681 199</b>	<b>863 654 989</b>
Avskrivningar i år	4 937 960	41 564 730	2 199 006	48 701 696
Avskrivningstype	Ingen/lineær	Lineær	Lineær	
Økonomisk levetid	10 år - evig	25-50 år	3-8 år	

Per 31.12.2024 er det balanseført kr. 59 547 574 som anlegg under utføring. Anlegg under utføring vert aktivert og avskrive etter kvart som dei vert sett i drift.

## NOTE 10 POSTAR SOM ER SLÅTT SAMAN I REKNESKAPEN

Anna finansinntekt	2024	2023
Anna renteinntekt	517 028	2 996 482
Anna finansinntekt	1 958 780	522 977
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>2 475 808</b>	<b>3 519 460</b>



<b>Anna finanskostnad</b>	<b>2024</b>	<b>2023</b>
Annan rentekostnad	10 545 796	10 922 107
Annan finanskostnad	203 340	100 000
<b>Sum finanskostnader</b>	<b>10 749 136</b>	<b>11 022 107</b>

## NOTE 11 SKATT

<b>Skattekostnad dette året</b>	<b>2024</b>	<b>2023</b>
Resultatført skatt på resultat		
Betalbar skatt alminneleg inntekt	<b>20 462 456</b>	<b>38 654 443</b>
Betalbar grunnrenteskatt	41 669 901	57 658 181
Avgift på kraftproduksjon (Høgprisavgift)	0	1 302 460
For lite/for mykje berekna skatt tidligare år	-345 347	-1 436 480
Betalbar naturressursskatt	5 203 393	5 401 864
Naturressursskatt motrekna betalbar skatt	-5 203 393	-5 401 864
Endring i utsett skattefordel	-2 595 834	-1 735 572
Endring utsett skatt grunnrente	-2 784 087	9 453 358
<b>Skattekostnad resultat og grunnrente</b>	<b>56 407 089</b>	<b>102 459 910</b>
<b>Skattepliktig inntekt:</b>		
<b>Resultat før skatt</b>	<b>77 462 265</b>	<b>154 501 266</b>
Permanente skilnader	4 563 896	6 782 326
Endring i mellombelse skilnader	10 985 002	7 888 963
Avgjeve konsernbidrag	-20 000 000	-20 000 000
<b>Skattepliktig inntekt</b>	<b>73 011 162</b>	<b>149 172 555</b>
<b>Skatt i balansen som skal betalast:</b>		
Betalbar skatt på alminneleg inntekt	<b>20 462 456</b>	<b>37 217 963</b>
Redusert skatt som følge av konsernbidrag	-4 400 000	-4 400 000
Betalbar naturressursskatt	5 203 393	5 401 864
Naturressursskatt samordna med fellesskatt	-5 203 393	-5 401 864
Naturressursskatt til gode frå i fjor	0	0
Betalbar grunnrenteskatt	41 669 901	57 658 181
<b>Sum skatt i balansen som skal betalast</b>	<b>57 732 357</b>	<b>90 476 144</b>
<b>Utrekning av effektiv skattesats:</b>		
<b>Resultat før skatt</b>	<b>77 462 265</b>	<b>154 501 266</b>
Skatt rekna av resultat før skatt	17 041 698	33 990 278
Skatteeffekt av permanente skilnadar	1 004 057	1 492 112
Betalbar grunnrenteskatt	41 669 901	57 658 181
Avgift på kraftproduksjon (Høgpravgift)	0	1 302 460
Endring utsett grunnrenteskatt	-2 784 087	9 453 358
For lite berekna skatt tidligare år	-345 347	-1 436 480
Effekt av fisjonfusjon fiber	-179 133	
<b>Sum skattekostnad</b>	<b>56 407 088</b>	<b>102 459 909</b>
<b>Effektiv skattesats</b>	<b>72,8 %</b>	<b>66,3 %</b>

Skatteeffekten av mellombelse skilnader som har gjeve opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av førebelse skilnader:





	2024	2023	Endring
Varige driftsmiddel	-70 978 631	-59 172 730	11 805 902
Kundefordringar	0	-250 000	-250 000
Vinst- og tapskonto	-1 800 369	-2 250 461	-450 092
Pensjonspremie/- forplikting	530 422	375 550	-154 871
Uopptent inntekt	-484 744	-125 470	359 273
Regnskapsmessig avsetning for forpliktelse	0	-325 210	-325 210
<b>Sum ordinære skilnadar</b>	<b>-72 733 322</b>	<b>-61 748 321</b>	<b>10 985 002</b>
Inngår ikkje i utrekninga av utsett skatt	0	-12 988 240	-12 988 240
Grunnlag utsett skatt (-fordel)	-72 733 322	-74 736 561	-2 003 238
<b>Utsett skatt (-fordel) (22 %)</b>	<b>-16 001 331</b>	<b>-16 442 043</b>	<b>-440 712</b>
Utsett skatt (-fordel) grunnrente (note 12)	-342 102	2 441 986	2 784 088
Total utsett skatt (-fordel)	-16 343 433	-14 000 057	2 343 376

## NOTE 12 SPESIFIKASJON AV GRUNNRENTESKATT

Tussa og Åmela kraftverk må betale grunnrenteskatt basert på utrekna grunnrenteinntekt. Denne kjem fram på følgande måte:

Kraftverk:	Tussa	Åmela	SUM
<b>Grunnlag betalbar grunnrenteskatt 2024</b>			
Inntekt kraftomsetning	108 858 439	53 970 880	162 829 319
Driftskostnader	26 424 234	17 238 941	43 663 175
Skattemessige avskrivningar	6 462 904	4 284 820	10 747 724
Eigedomsskatt	2 312 393	979 413	3 291 806
Konsesjonsavgift	2 423 596	731 720	3 155 316
Direkte kostnadsført investering	0	2 158 241	2 158 241
Berekna selskapsskatt	15 642 208	6 618 042	22 260 250
<b>Sum kostnader</b>	<b>53 265 335</b>	<b>32 011 177</b>	<b>85 276 512</b>
<b>Resultat før friinntekt</b>	<b>55 593 104</b>	<b>21 959 703</b>	<b>77 552 807</b>
<b>Bereking friinntekt 2024</b>			
Gjennomsnittleg skattemessig verdi	75 378 088	81 522 059	
Normrente	3,4 %	3,4 %	
<b>Friinntekt</b>	<b>2 562 855</b>	<b>2 771 750</b>	<b>5 334 605</b>
<b>Grunnrenteinntekt 2024</b>	<b>53 030 249</b>	<b>19 187 953</b>	<b>72 218 202</b>
<b>Betalbar grunnrenteskatt (57,7 %)</b>	<b>30 598 454</b>	<b>11 071 449</b>	<b>41 669 903</b>

Det vert også utrekna utsett grunnrenteskatt for Tussa Kraftverk og Åmela Kraftverk. Dei mellombelse skilnadane som ligg til grunn for denne utrekninga fordeler seg slik:

	2024	2023	Endring
Varige driftsmiddel Tussa Kraftverk	-11 065 495	-6 523 718	4 541 777
Gevinst- og tapskonto Tussa Kraftverk	-297 945	-375 432	-77 487
Varige driftsmiddel Åmela Kraftverk	10 969 929	12 783 329	1 813 400



Gevinst- og tapskonto Åmela Kraftverk	-366 614	-458 267	-91 653
<b>Sum ordinære skilnader</b>	<b>-760 125</b>	<b>5 425 912</b>	<b>6 186 037</b>
Utsatt selskapsskatt på grunnrenteskatt (22 %)	167 228	-1 193 701	
Grunnlag utsett grunnrenteskatt	-592 898	4 232 211	
<b>Utsett grunnrenteskatt (fordel) (57,7 %)</b>	<b>-342 102</b>	<b>2 441 986</b>	<b>2 784 088</b>

## NOTE 13 EIGENKAPITAL

	Aksjekapital	Annen innskoten eigenkapital	Annan Sum eigenkapital eigenkapital	
Per. 31.12.2023	294 404 000	0	148 859 224	443 263 224
<b>Per 01.01.2024</b>	<b>294 404 000</b>	<b>0</b>	<b>148 859 224</b>	<b>443 263 224</b>
Årsresultat			21 055 176	21 055 176
Fisjon og fusjon	-4 842 974	36 542 858	67 108 918	98 808 802
Avgitt konsernbidrag			-15 600 000	-15 600 000
<b>Per 31.12.2024</b>	<b>289 561 026</b>	<b>36 542 858</b>	<b>221 423 317</b>	<b>547 527 201</b>

## NOTE 14 ENKELTRANSASJONAR

Tussa Energi AS har i 2024 fusjonert med søsterselskapa Stranda Energi AS (orgnr. 979 951 140) og Stryn Energi AS (orgnr. 976 626 192). I tillegg har det blitt gjennomført ein fisjonfusjon der fibernetet som kom frå frå Stranda Energi AS vart fisjonert ut frå Tussa Energi AS saman med fibernet knytt til fjernvarmeanlegget til Ørsta Eldhus, og fusjonert inn i Tussa IKT AS (orgnr. 983 450 342)

## NOTE 15 GARANTI- OG KAUSJONSANSVAR

Tussa Energi AS er saman med dei andre heileigde dotterselskapa i konsernet solidarisk ansvarleg for uteståande på kassakreditten i fleirkontosystemet med eit beløp på inntil MNOK 50.

Tussa Kraft AS stiller garanti for Tussa Energi AS i samband med opptak av valutalån pålydande 20 mill. euro. For dette betaler Tussa Energi AS ein provisjon til Tussa Kraft AS.

## NOTE 16 DOTTERSELSKAP

Tussa Energi AS har per 31.12.2024 følgjande dotterselskap:

Namn	Eigarandel	Bokført verdi	Årsresultat 2024	Bokført EK 31.12.2024
Innvik Kraftverk AS	59,8 %	29 910 000	1 340 410	69 717 050
Tussa Småkraft AS	100 %	30 000	0	27 894

Tussa Energi AS utarbeidar ikkje eige konsernrekneskap, men alle selskap vert konsolidert inn i Tussa Kraft AS sitt konsernrekneskap.



## NOTE 17 FORDRINGAR OG GJELD

	2024	2023
<b>Fordringar med forfall seinare enn eitt år</b>		
Andre kortsiktige fordringar	0	0
Andre langsiktige krav	8 180 008	12 902 086
<b>Sum</b>	<b>8 180 008</b>	<b>12 902 086</b>

	2024	2023
<b>Langsiktig gjeld med forfall seinare enn om 5 år</b>		
Gjeld til konsernselskap	60 000 000	170 000 000
Anna langsiktig gjeld	0	0
<b>Sum</b>	<b>60 000 000</b>	<b>170 000 000</b>

Tussa Energi AS har ikkje gjeld som er sikra med pant til kredittinstitusjonar.  
Noto 15 gjev informasjon om solidaransvar og garanti.

## NOTE 18 MELLOMVÆRANDE MED SELSKAP I SAME KONSERN

	2024	2023
<b>Fordringar</b>		
Lån til føretak i same konsern	0	0
Kundefordringar innanfor konsern	1 404 401	336 100
Andre kortsiktige fordringar konsern	32 901 169	171 681 546
<b>Sum</b>	<b>34 305 570</b>	<b>172 017 646</b>
<b>Gjeld</b>		
Lån frå føretak i same konsern	120 027 894	200 000 000
Leverandørgjeld innanfor konsern	3 296 064	16 361 498
Anna kortsiktig gjeld konsern	45 055 008	25 400 809
<b>Sum</b>	<b>168 378 966</b>	<b>241 762 307</b>



## NOTE 19 TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE PARTAR

Ytingar til leiande tilsette er omtalt i note 6, og mellomverande med konsernselskapa er omtalt i note 18.

Selskapet sine transaksjonar med nærstående partar:

	2024	2023
<b>Sal av varer og tenester</b>		
<b>Varer</b>		
- Konsernselskap	0	0
<b>Tenester</b>		
- Konsernselskap	15 453 918	9 780 981
- Andre nærstående selskap	1 212 342	983 342
<b>Sum</b>	<b>16 666 260</b>	<b>10 764 323</b>

	2024	2023
<b>Kjøp av varer og tenester</b>		
<b>Varer</b>		
- Konsernselskap	35 952 090	53 597 558
- Andre nærstående selskap	5 642 484	14 004 085
<b>Tenester</b>		
- Konsernselskap	18 234 703	24 611 752
- Andre nærstående selskap	5 025 996	9 635 061
<b>Sum</b>	<b>64 855 273</b>	<b>101 848 456</b>

<b>Renter</b>	2024	2023
Renteinntekt frå konsernselskap	4 854 275	3 647 951
Rentekostnad til konsernselskap	7 851 970	7 297 732

Tussa Energi AS har per 31.12.2024 eit langsiktig lån frå Tussa Kraft AS på 120 mill. kr. Rentesats på lånet per 31.12.2024 er 4,0 %.



## NOTE 20 KUNDEFORDRINGAR

	2024	2023
Kundefordringar til pålydande	7 267 209	16 982 937
<b>Balanseført verdi av kundefordringar 31.12</b>	<b>7 267 209</b>	<b>16 982 937</b>
Realiserte tap	-141 348	0
<b>Sum resultatførte tap på krav</b>	<b>-141 348</b>	<b>0</b>

Selskapet sel kraft på Nordpool-børsen med dagleg oppgjer. Anna ekstern fakturering er ubetydeleg, og det er difor ikkje gjort noko tapsavsetning.

## NOTE 21 BANKINNSKOT OG KASSAKREDITT

Midlar på skattetrekkskonto (bundne midlar) er kr. 1 363 837.

Tussa Energi AS sine innskudd er knytt opp mot konsernet sitt fleirkontosystem. Morselskapet Tussa Kraft AS er konsernkonto innehavar medan dotterselskapa er deltakarar i systemet.

Tussa Energi AS bidreg i fleirkontosystemet med eit bankinnskot på 32,8 mill. kr. per 31.12.2024. Innvilga kreditt for konsernet er 100 mill. kr. Nytt kassakreditt for konsernet pr. 31.12.2024 er 0,0 mill. nok.

## NOTE 22 AKSJONÆRAR

AKSJEKAPITALEN I TUSSA ENERGI AS PR. 31.12 ER SETT SAMAN AV:

	Totalt tal aksjar	Pålydande	Bokført
Ordinære aksjar	1	289 561 026	289 561 026

EIGAR

	Ordinære	Eigarandel	Stemmedel
Tussa Kraft AS	1	100,0	100,0
<b>Totalt tal aksjar</b>	<b>1</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>



Til generalforsamlinga i Tussa Energi AS

## Melding frå uavhengig revisor

### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Tussa Energi AS som er samansett av balanse per 31. desember 2024, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2024, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

### Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

### Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon

PricewaterhouseCoopers AS, Langelandsvegen 35, NO-6010 Ålesund

T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, [www.pwc.no](http://www.pwc.no)

Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap



som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen. For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til: <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Ålesund, 24. mars 2025  
**PricewaterhouseCoopers AS**

Terje Honningsvåg  
Statsautorisert revisor  
(elektronisk signert)



 Securely signed with Brevio

Revisjonsberetning

**Signers:**

<b>Name</b>	<b>Method</b>	<b>Date</b>
Honningsvåg, Terje	BANKID	2025-03-24 22:07

**This document package contains:**

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.